

Bergen, 23.02.12

Vår ref. 150./12/BSI/5.3

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

e-mail

FORSLAG TIL ENDRING AV REGULERINGSTILTAK FOR LEPPEFISK – HØYRING.

Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 10/12 på sitt styremøte 20.02.12, og fatta følgjande vedtak:

«Viser til høyringsbrev av 03.02.12 frå Fiskeridirektoratet.

Styret i Fiskarlaget Vest har følgjande merknader til dei einskilde forslaga i høyringsnotatet:

Pkt. 2.1, Opningstid/fredingstid

Styret sluttar seg til opningsdatoen som ligg i høyringsnotatet for dei einskilde område. Ein er òg enig i forslaget om at det kan opnast for tidlegere start av fisket etter berggylt etter søknad, om fisker kan godtgjere at han kan fiske selektivt.

Pkt. 2.2, Minstemål

Styret støtter forslaget om at gjeldande minstemål på 11 cm blir vidareført i sør.

Pkt.2.3, Røktng

Styret er enig i bestemmelsene om røktng blir vidareført i 2012.

Pkt.2.4, Reiskap

Styret går inn for at reglane for 2011 blir vidareført.

Pkt.2.5, Deltaking


Styret er einig i at det må etablerast ei ordning slik at alle som skal fiske leppefisk i 2012 må registrere seg slik at ein har oversikt over kven som deltar.

Ein meiner at det i utgangspunktet bør vere yrkesfiskarar som har høve til å delta.

Pkt.2.6, Sluttdato

Styret meiner at ordninga for 2011, utan sluttdato, bør vidareførast i 2012.»

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo